

BESTANDSPLAN FOR HJORTEVILT ÅRDAL KOMMUNE



HJORTEVILT

Forvaltning av hjortvilt er eit felles ansvar uavhengig av vald og kommunegrenser.

Hjorteviltbestanden skal vere til nytte og glede for grunneigarar, jegerar og ålmenta. Plan og retta avskyting er vegen å gå for å fordela både fordelene og ulempene med hjorten.

<p style="text-align: center;">ÅRDAL BESTANDSPLANOMRÅDE</p>	<p>TELEFON: Leiar: 900 57 941 E-POST: per.bjorkum@online.no</p>
<p style="text-align: center;">BESTANDSPLAN 2019 -2021</p>	<p>DATO: 04.03.2019</p>
<p>FORFATTAR: Styret i Årdal Bestandsplanområde med støtte frå Magnus Frøyen frå Norsk Hjortesenter</p> <p>Gjennomgang i Styremøte 21.02.2019 og etter avtalt høyringsfrist i styret ???.03.2019.</p> <p>Planen er eit samrøystes forslag frå styret.</p>	<p>Leiar: Per Bjørkum</p> <p>Styremedlemer: Vidar Hjelle, Endre Offerdal, Jostein Holsæter, Per Bjørkum, Jasmin Eminovic og Vidar Moen</p>
<p>SAMANDRAG:</p> <p>Denne plan er ein samla plan for hjortevilt i Årdal kommune og gjeld for hjort, elg og rådyr.</p> <p>Plan for hjort er den andre bestandsplan for hjort i Årdal kommune, gjennom historia. Det er derfor viktig å evaluere effekten av tiltak i fyrste plan for så å ta det med seg vidare inn i neste. Vi må lære av historia for å kunne gjere forbetringar i neste planperiode.</p> <p>Vi ynskjer å bygge vidare på tidlegare plan og har derfor valt å legge inn resultat frå det enkelte driftsplanområde som vedlegg i ny plan. I vedlegg ligg resultat og evaluering frå førre planperiode fordelt på dei ulike driftsplanområder. Vi tenker at det kan bidra til auka fokus på retta avskyting i heile kommunen.</p> <p>På bakgrunn a brev av ? frå MD må vita ut enno meir dyr en det plan la opp til i utgangspunktet. Vi går for å rdeusere minstearealet med 20% for heile kommunen iht førre planperiode, Det medfører at vi aukar tildelinga frå 212 til 268 dyr pr år. Det er og lagt opp til at vi skal ta ut større andel kalv og ungdyr iht til det vi har gjort til no. Det er derfor viktig at kalv og ungdyr vert tatt ut i starten på jakta.</p> <p>Det som gjer det utfordrande er at vi skal ta ut enno meir ungdyr enn i førre planperiode og uttak av bukk skal reduserast. Dette er tiltak vi ikkje kom heilt i mål med i perioden 2016-2018 Denne plan krev derfor enno meir disiplin hjå dei ulike vald om å redusere uttaket av produksjonsdyr, og då bukk spesielt. Planen legg i utgangspunktet opp til ein stabilisering av bestanden om ein ser planområdet (kommunen) under eitt.</p> <p>For elg har vi mindre underlag å bygge på, men har ei klar formeining om at skal ein bygge opp ein berekraftig bestand av elg i kommunen må ein redusere uttak av produksjonsdyr drastisk iht historia.</p> <p>Jakt på rådyr har det aldri vore i kommunen. Grunngjevinga for opning av jakt på denne arten er tilbakemelding frå hjortejegrar og hageeigarar om auke i bestanden over eit større område av kommunen. Jakt er den beste regulering av ein art. Vi har derfor søkt om opning av jakt med forsiktig uttak i starten.</p> <p>Planen skal gjelda for tidsrommet 2019 – 2021 og skal rullerast i utgangen av perioden.</p>	

Foto på framside; Frå Ormesete i Nundalen mot Sjursetetjødni Foto: Vidar Moen

Innhold

1 KVIFOR BESTANDSPLAN?	3
2.1 Områdedeling / gamle driftsplanområder	5
3	Feil! Bokmerke er ikke definert.
4 KUNNSKAPSGRUNNLAGET	8
4.1 Evaluering av måla for førre planperiode (2016-2018)	8
4.2 Bestandsutvikling og status	9
4.1 Kvar vert hjorten skoten?	26
4.3 Irregulær avgang	27
4.4 Beiteskader	28
5 MÅLSETTINGAR	30
5.1 Hovudmål.	30
5.2 Delmål:	30
6. Handlingsdel – avskytingsplan.....	31
6.3 Fordeling av kvoten	34
6.5 Innsamling av kjeve- og CWD prøvar	34
6.8 Kompetanseheving	35
6.9 Samarbeid utanfor bestandsplanområde	35
6.10 Rullering av planen	35
7 Elg, bestandsplan.....	36
7.1 Målsetting.....	36
7.2 Elg og hjort i samme terreng	36
8 Rådyr, bestandsplan	44
VEDLEGG	47
Offerdalen	48
Seimsdalen/ Nundalen / Hæreid	52
Fardalen	55
Utladalen	59
Eldegarden	63
Vikadalen	68

1 KVIFOR BESTANDSPLAN?

Den enkelte kommune er lovpålagt å ha ein plan for utvikling av hjorteviltbestandane i kommunen der det er opna for jakt på vedkomande art.. Dette gjeld elg, hjort og rådyr, iht. **Forskrift av forvaltning av hjortevilt.** (hjorteviltforskrifta)

§ 1 Formål

'Formålet med denne forskriften er at forvaltningen av hjortevilt ivaretar bestandenes og leveområdenes produktivitet og mangfold. Det skal legges til rette for en lokal og bærekraftig forvaltning med sikte på nærings- og rekreasjonsmessig bruk av hjorteviltressursene. Forvaltningen skal videre sikre bestandsstørrelser som fører til at hjortevilt ikke forårsaker uakseptable skader og ulemper på andre samfunnsinteresser.'

§ 3 Mål for forvaltning av elg, hjort og rådyr

'Kommunen skal vedta målsettinger for utviklingen av bestandene av elg, hjort, og rådyr der det er åpnet for jakt på arten(e).

Målene skal blant annet ta hensyn til opplysninger om beitegrunnlag, bestandsutvikling, skader på jord- og skogbruk og omfanget av viltulykker på veg og bane.

Det er viktig at målsettingene som vedtas er konkrete og etterprøvbare. De bør derfor være realistiske og ha en tids-ramme slik at de kan evalueres i forhold til enkle kriterier.'

Årdal bestandsplanområde for hjort er samansett av representantar frå grunneigarar og jaktrettshavarar innanfor Årdal kommune, og har teke på seg jobben å utarbeide framlegg til bestandsplan for kommunen. Planen må godkjennast av årsmøtet i bestandsplanområdet, og i det politiske system i kommunen før den vert gjeldande. Planen tek føre seg heile kommunen og vil såleis kunne vere førande også for dei valda som vel å ikkje vere medlem i bestandsplanområdet.

Det har likevel ikkje vore lett å få til ein plan som strekker seg utanfor kommunegrensa, til det er det for store ulikheitar i kommunane når det gjeld misterareal og tildelingar.

Ein god plan, utarbeida av jaktrettshavarer lag med kommunen, vil vere eit strategisk styringsverktøy som kan gjere arbeidet lettare opp i mot ulike interesser lettare på sikt.

Bestandsplan for Årdal Bestandsplanområde for perioden 2019 - 2021 tek føre seg den samla hjortebestanden i området. Bestandsplanen tek føre seg datagrunnlaget for alle valda i kommunen. Med bakgrunn i tilgjengeleg

datamateriale frå fellingsstatistikkar, vårteljingar, Sett hjort og «Overvakingsprogrammet for hjortevilt» har ein freista å gjere opp status for hjortebestanden i området.

Utifrå dette og ynskje for framtidig utvikling har ein utarbeidd plan for avskytinga i neste 3 års periode.

Valda som inngår i bestandsplansamarbeidet her består framleis som sjølvstendige vald, og vil få si tildeling frå kommunen som valfrie fellingsløyver. Avskytinga skal gjerast i samsvar med bestandsplanen. Planen omhandlar ikkje noko i høve den interne fordelinga og jaktutøving m.v. i dei einskilde valda. Det er høve å flytte/overføre løyve mellom vald innanfor eit driftsplanområde når jaktrettshavarane er samde om dette.

2 BESTANDSPLOMRADE FOR HJORT, AVGRENSING OG STORLEIK

Årdal ligg i skilje mellom aust og vest og har såleis ein blanding av vestlandsklima og austlandsklima.

Alt tilgjengeleg areal i kommunen er godkjent som vald innanfor bestandsplanområdet. På nordsida av området frå Lusterfjorden i vest til grensa med Luster i Utladalen i aust. På sørsida frå kommunegrensa til Lærdal i vest til grensa med Luster i Utladalen i aust..

Årdal bestandsplanområde dekkjer Årdal kommune og ein legg til grunn 204201 dekar teljande areal



Kart over Årdal bestandsplanområde

Dette er ikkje ei ideell avgrensing i høve hjortebestanden då ein veit at delar av bestanden i kommunen har delar av årsleveområde sitt i nabokommunane Lærdal og Luster. Det må arbeidast for at avgrensinga vert gjort av omsyn til

hjorten sin bruk av området, og at andre omsyn vert sett til side. Dette er ein prosess som vil ta noko tid, men det bør arbeidast for at områda i Luster og Lærdal som «soknar» til Årdal vert innlemma i bestandsplanområdet her.

Det er total 20 godkjende hjortevald innafør planområdet i varierende storleik i 2019. Til grunn for utrekning av godkjent areal er areal berekna opp til 900 moh. Alle dei 20 valda innanfor områdeavgrensinga er tilslutta bestandsplanområdet.

Driftsplan område	Vald ID	Valdnavn	AREAL (daa)
01 OFFERDALEN	1424V00	Almenningen	5414
	1424V0004	Skogli	5160
	1424V0005	Fornabu	4751
	1424V0006	Indre Offerdal	12727
	1424V0027	Ytre Offerdalen	13763
02 SEIMSDALEN NUNDALEN HÆREID	1424V0008	Seimsdalen vest	16070
	1424V0009	Seimsdalen aust	8404
	1424V0011	Kletta	1843
	1424V0012	Nundal Vest	3002
	1424V0014	Nundal Aust	3484
	1424V0040	Hæreid	7881
	1424V0042	Øvstetunskorane	2827
03 FARDALEN	1424V0016	Fardalen storvald	21374
04 UTLADALEN	1424V0023	Avdalen	3411
	1424V0025	Vetti	19194
	1424V0026	Hjelle	7191
05 ELDEGARDEN	1424V0038	Eldegarden	37376
04 UTLADALEN	1424V0019	Mjølkeflaten	1144
	1424V0020	Natvik	20915
	1424V0032	Hovland	8270
		Totalt godkjent areal	204201

Tabell: Driftsplanområder og valdoversikt Årdal Bestandsplanområde


2.1 Områdedeling / gamle driftsplanområder

Sidan 2004 er det blitt jobba med å etablere storvald med eigen bestandsplan. Det vart oppretta driftsplanområder som så skulle lage kvar sin bestandsplan.

Dette var 01 Offerdalen, 02 Seimsdalen/Nundalen/Hæreid, 03 Fardalen, 04 Utladalen, 05 Eldegarden og 06 Vikadalen.

Det enkelte bestandsplanområde er meir omtala i vedlegg til denne planen. Der vil ein finne kva vald som høyrer til dei ulike driftsplanområder, historisk fellingsresultat og Sett hjort.

Det er ulike mål og utfordringar i dei ulike driftsplanområda, denne planen tek omsyn til dette og prøver gjennom forskjellig tildeling å ivareta dei utfordringane og måla dei enkelte områda har. Gjennom og i slutten av planperioden vil ein sjå om vi lykkast.



Kart syner grenser mellom dei ulike driftsplanområder og leiar og vara i driftsplanområdet pr 2018.

3 ORGANISERING, DRIFT OG ØKONOMI

Bestandsplanområdet vert styrt etter vedtekter for bestandsplanområdet som vist i vedlegg. Det er valda i kommunen som kan vere medlemmer i Årdal Bestandplanområde, det må ligge føre ein underskriven samarbeidsavtale mellom valdet og bestandsplanområdet. Valda vert representert gjennom valdsansvarleg.

Styret på 6 personar er samansett av ein representant frå kvart av driftsplanområda. 01 Offerdalen, 02 Seimsdalen/Nundalen/ Hæreid, 03 Fardalen, 04 Utladalen, 05 Eldegarden og 06 Vikadalen. Årsmøtet vel leiar jfr vedtektene.

Styret

Styret driv planområdet etter vedtekter og vedtak fatta på årsmøte. Bestandsplanområdet kan engasjere eigen sekretær for den faglege oppfølging av planen, rapportering og eventuelle justeringar undervegs. Arbeid med dette skal konkretiserast i Bestandsplanområdets arbeidsplan og budsjett. Det vil og verte trong for arbeid knytt til informasjon, kompetanseheving og auka oppslutnad.

Kostnader til drift av bestandsplanområdet vert søkt dekkja gjennom det kommunale viltfondet. Årsmøtet vurderer evt trongen for kontingent frå kvart vald. Valda er sjølv ansvarlege for å krevje inn kontingent hjå sine jaktfelt. Andre inntekter kan vere oppdrag for viltforvaltninga og søknad om støtte frå andre kjelder. Det enkelte vald betalar sjølve inn fellingsavgifta til kommunen som no.

Tildeling av løyve

Det er valda som får tildelt løyva frå kommunen etter godkjend bestandsplan. Fordelinga er beskrive seinare i planen. Medlemar i bestandsplanområdet vert i større grad gjeve fridom og ansvar til sjølve å treffe tiltak for å nå måla i planen. Om det er trong for det, kan løyve flyttast mellom valda innanfor driftsplanområda.

Det kan vere ut frå ynskje om:

- byte av løyve pga kjønn eller alder
- å nå mål om felling,
- redusere skade som innmarksbeite.
- uønska bruk/trekk. Eks byggefelt
- optimalisere uttak av hjort i området
- hjelpe nabo med å nå fellingskvoten

Gjeldende regelverk for flytting av løyver:

1. Kun tillatt mellom valda innanfor eit driftsplanområde.
2. Skriftleg avtale mellom partane skal lages. Kopi av denne skal sendast styret som nyttar data til å vurdere effekten av dette.
3. Det er valda med tildeling som skal rapportere fellingsresultat og bestandsdata til kommunen, ikkje valdet der dyret er felt

4 KUNNSKAPSGRUNNLAGET

Den grunneigarstyrde lokale hjorteforvaltninga skal vere kunnskapsbasert. Mål og tiltak må vere basert på best tilgjengeleg kunnskap til ein kvar tid. Årdal kommune har vore med på "Hordahjort prosjektet", der ein skulle sjå på hjortens områdebruk. "Sett hjort" har vore nytta i Årdal i nokre år, men med varierende oppslutnad og kvalitet. Kunnskap om status er laga med grunnlag i sett hjort, fellingsdata, merkjeprojekt og lokalkunnskap. Beskrivelse av dei ulike områda ligg som vedlegg til planen.

Sidan det er ulike utfordringar og omsyn ifm hjorteviltet i dei ulike dalføre, har vi valt å bruke dei tidligare driftsplanområda som grenser for ulik handtering. Det er derfor viktig å sjå på historikken i dei ulike områda og kva påverknad dei ulike tiltak i dei ulike områda kan få slags konsekvensar for tilstøytande områder.

4.1 Evaluering av måla for førre planperiode (2016-2018)

- Avskyninga syner at vi ikkje klarte å koma oss ned på under 40% uttak av eldre dyr
- Dei to siste åra har vi sett ein nedgang i sett kalv pr kolle, og er komen under mål for planperioden
- Det er og ein nedgang i sett hjort pr jegertime i alle driftsplanområde siste året
- Vi hadde over 70% felling heile planperioden, samla for Bestandsplanområdet

Fordelinga av kvoten på kjønn og alder skulle vere som følgjer for bestandsplanområdet totalt:

- Minimum 60 % ungdyr og kalv (25-30% kalv) felt. **Resultat: 44,2%**
- Maksimum 40 % eldre dyr felt. **Resultat: 45,8%**
- 50 % handyr og 50 % hodyr felt. **Resultat 49% handyr og 51% hodyr**
- Det var viktig at fellingsresultatet etter avslutta planperiode avspeglar avskytingsmodellen, sjølv om ein ikkje oppnår full fellingsprosent.

Når ein gjer opp fellingsresultatet for planperioden og ser på kva ein skulle felt i høve til det som avskytingsmodellen seier, så vart resultatet fylgjande:

	Tildelt	Hann >2	Ho >2	Han 1 1/2	Ho 1 1/2	Han kalv	Ho kalv	Felt
2016	212	35	31	18	28	22	18	152
2017	212	38	44	20	26	21	28	177
2018	212	37	35	20	24	23	12	151
Har skutt	636	110	110	58	78	66	58	480
Skulle skutt iht % fordeling av skutt		96	96	72	72	72	72	
Differanse plan og felt		14	14	-14	6	-6	-14	

Som ein ser av tabellen over så har vi felt 14 eldre dyr av kvart kjønn for mykje. Desse skulle iht modellen vore erstatta med 14 ungbukk og 14 hokalvar.


4.2 Bestandsutvikling og status

Grunnlaget for bestandsutvikling og status i bestanden finn vi fellingsdata, sett hjort, merkjeforsøk og lokalkunnskap. Sett hjort materialet er sårbart for feil og ein skilde ekstremobservasjonar, og ein legg på generelt grunnlag til grunn at ein bør ha over 1000 N (Observasjonar) før ein kan trekke konklusjonar frå registreringa. Presisjonen vert betre med aukande tal observasjonar. For Årdal bestandsplanområde har ikkje Sett hjort vorte nytta i stor skala i mange år, men for 2013 og 2014 har ein så mange registreringar at ein får ei viss oversikt . Planområdet vil difor framleis arbeida for auka bruk av metoden.


Det er resultatet av avskytinga dei siste åra ein ser i bestanden i dag, og når ein veit at jakta står for nærare 90% av dødelegheita i bestanden, så er det viktig med fokus på kva slags dyr som vert skote. Under er det sett opp ein oversikt over kva som er skote dei siste åra.

Avskytinga har auka frå 93 felte dyr i 2009 til 177 i 2017 som er det høgstefellingstalet så langt. Frå 2015 til 2017 er avskytinga auka med 53 % og samstundes har koller utgjort ein høvesvis stor del av uttaket. I 2017 var det og eit ekstraordinært høgt uttak i Lærdal, noko som og påverkar bestanden i delar av området her. I 2018 er fellingstalet redusert til 151 felte dyr og fellingsprosenten som var på 83 % i 2017 er no redusert til 71 %. Tildelinga har vore lik dei siste 3 åra og nedgangen i fellingsprosenten kan tyde på at bestanden er redusert i høve til 2017.

I figurane som fylgjer under ser ein oppnådd resultat på avskyting og Sett hjort. Det er lagt inn måltal for planperioden på alle dei vi hadde eige mål for.



Fram til 2006 hadde Årdal i hovedsak ein fellingsprosent på under 50%. Denne har auka og ligg i førre planperiode på over 70% i heile planperioden.




Figuren syner prosentvis utvikling på felling av hjort. Plan i siste søyle til høgre.

Som ein ser av figuren på førre side har vi aldri kome ned på 40% uttak av eldre dyr. Vi hadde som mål å ta ut 60% ungdyr/kalv, men har gått feil veg i planperioden. Ved å redusere uttak av produksjonsdyr og styre mot uttak av yngre dyr vil ein få ein meir robust bestand. Nedgang på uttak av

produksjonsdyr starta i 2008/2009 noko ein ser resultat av dei siste åra med auka tettleik av hjort i heile kommunen.

Avskyting i planområdet på kjønns og aldersgrupper i % av samla jaktuttak

For bestandsutviklinga er fordelinga av avskytinga på kjønns og aldersgrupper vel så viktig som tal felte dyr. Å ha ein høg andel kalv og ungdyr er viktig for gjennomsnittalderen til dei vaksne dyra i bestanden. Andelen kalv har nokre år vore over 25 % men var for 2018 igjen under med 23 %. Kalv og ungdyr samla har lenge lege mellom 50 og 60 % og var for 2018 berre 52 % som er alt for lågt i høve å ha ei robust og stabil bestand. Andelen spissbukk har dei siste åra vore relativt låg kring 11 – 13 % som er positivt i høve det samla uttaket av hanndyr.



Fellingsresultata siste 10 åra syner at vi ikkje oppnår målet om 60% felling på ungdyr.

Fordeling på kjønn

Kjønnsfordelinga i jaktuttaket har lenge vore skeiv med ei stor overvekt av hanndyr noko som er uheldig for å ha tilstrekkeleg vaksne bukkar i bestanden. Dei siste åra har det vore meir i balanse og for 2017 då ein og hadde det høgste jaktuttaket var det ei betydeleg overvekt av hodyr. Den høge andelen koller dette året i lag med høgt totaluttak både her og i tilgrensande område samt ein snørik og lang vinter har truleg redusert bestanden noko samstundes som reproduksjonsevna er redusert.





Fig syner kjønnsfordelingen i jaktuttaket siste 10 åra. Det syner at uttak av hanndyr har vert for høgt men hatt ein betring i siste planperiode. Målet var 50% fordelt på kjønn


Uttak av produksjonsdyr, eldre en 2,5 år

Eldre hanndyr utgjorde i byrjinga av tidsserien 35 % av det samla jaktuttaket noko som er alt for høgt. Dei seinare åra er andelen redusert noko og var for 2017 nede i 18 % , men auka igjen i 2018 til nærare 25 %. Koller har utgjort 20 – 25 % lenge og utgjorde for 2017 over 28 %. I høve å byggje ei meir robust og stabil bestand bør både kolle og bukk utgjere ein mindre del av det samla jaktuttaket framover. Å få auka gjennomsnittsalderen er viktig då eldre og større dyr før fram større og meir robuste kalvar enn ungdyr.




Figuren syner uttak av eldre dyr i Årdal siste 10 åra. I sist planperiode har vi sett ein betring.

Årdal har hatt høg felling av hanndyr når det gjeld felt hjort. Dette er teori men tal på avskyting av hanndyr tilseier at det er tilflytting eller overproduksjon av hanndyr i Årdal. Sidan 1997 og fram tom jakta 2018 er snittet på felte bukkekalvar 60,5 % . Dersom ein meiner at felt kalv, ho eller han, er eit bilete på kva som vert fødd så vert over 60% av kalven bukk. Prosenten av felte bukkekalvar samsvarar svært godt med den prosentandelen av hanndyr som vert felt i Årdal.



Årsaken til det høge talet på bukkar blant kalv kan vere at koller i godt hald føder større del bukk en mindre koller. Det kan òg ha ein samanheng med alderen til mor og far, vekt på mordyret og ressurstilgangen.



Årdal har i lang tid hatt høgare del avskyting på bukkekalv en dei andre kommunane i Indre Sogn. Ein reduksjon i talet på bukkekalvar kan vere eitt av fleire signal om at vi går i feil retning.

Sett hjort

Sett hjort er eit styringsverktøy som er basert på at jegerar registrerer tal observerte hjort under jakta. Dette i saman med opplysingar om jaktinnsats samt felte dyr dannar grunnlaget for å rekne ut ei rekkje indeksar. Endringar av desse indeksane over tid gjev signal om endringar i bestandsmessige tilhøve. Hjorten har store leveområde i gjennom året og kan utifrå ver og beitetilhøve bruke terrenget noko ulikt frå år til år. Dette i lag med tilfeldige avvik gjer at ein ikkje kan nytte Sett hjort på små einingar som mindre vald og jaktfelt. Ein kan heller ikkje utan vidare samanlikne indeksane frå eit område til eit anna. Data vert registrert særskilt for jakt på innmark og i utmark. Sett hjort data frå innmarksjakt syner seg å variere mykje einskilde år utan at det kan forklarast utifrå bestandsmessige tilhøve. Ein reknar difor at tala frå utmarksjakt gjev dei sikraste indikasjonane på bestandsvariasjonar.

Tilhøve som påverkar observasjonane kan og variere frå år til år og ein kan difor vanskeleg trekkje slutningar basert på endringar av ein indeks frå eit år til neste. Ein treng data for fleire år for å kunne sjå ein trend.

Verktøyet vert betre og mindre utsett for tilfeldige avvik m.v. dess større datamengd som ligg til grunn. Det er såleis viktig at jegerane fylgjer dette opp og fører registreringar frå all jakt, og for dei dagane det verken vert sett eller felt noko.

Årdal har registrert Sett hjort data sidan 2006, men datamengda i form av registrerte jegerdagsverk dei fyrste 7 åra er så låg at det er lite hald i indeksane frå desse åra. Frå 2013 er datamengda vesentleg auka og ein vel å sjå på utviklinga derifrå.

Bestandsutvikling

Indeksane for Sett hjort pr jegerdagsverk/time, Sett kolle pr. bukk, Sett kalv pr. kolle og Sett spissbukk pr bukk gjev utrykk for bestandsmessige tilhøve som bestandsstorleik og bestandssamansetjing/struktur.

Sett Hjort pr jegerdagsverk

Denne verdien gjev utrykk for endringar i bestandsstorleik, der redusert verdi tilseier lågare bestandstettleik.

Det er ingen eintydig tendens i utviklinga. Datamengda dei fyrste åra i serien i form av registrerte jegerdagar er lita. Ein kan difor ikkje setje mykje lit til tala for dei fyrste åra. Frå 2014 og utover har ein hatt ei høgare og nokolunde jamn datamengd. Utviklinga i den perioden er auka sett hjort pr jegerdag, noko som tyder bestandsvekst fram til 2017. Frå 2017 til 2018 er det ein markert nedgong frå 2,0 til 1,4. Ein skal vere varsam med å trekkje konklusjonar frå eit år til eit anna då verdien vil variere frå år til år og ein må sjå etter trendar over fleire år. Værtilhøve under jakta kan vere med på å påverke både kor mykje jegerane observerer under jakta og kvar dyr oppheld seg i landskapet. Det høge jaktuttaket i 2017 og føregåande år både her og i tilgrensande kommunar sannsynleggjer likevel at bestanden er redusert noko.





Fig syner utviklinga i kor mange hjort ein har sett pr jegerdag. Antall hjort sett pr jegerdag har hatt ein svak auke i fleire år men gått ned siste året.


I forrige plan hadde vi mål på 0,3 tal hjort pr jegertime. Her ser ein at vi i starten på planperioden var over måltal på registrert hjort medan vi hadde nedgang siste året, 2018. Årsakene til dette kan ein undre seg over, vinteren 2017/18 var kald langt ut på våren, sommaren 2018 turr og dårleg beite. Ei anna forklaring kan være at dette er resultat etter for høgt uttak av produksjonsdyr sista åra.



Vi hadde mål om 0,3 sett hjort pr jegertime. Vi har lege godt over i dei to fyrste åra i planperioden medan vi ser ein drastisk nedgang siste året.

Sett Kolle pr Bukk


Indeksen for Sett kolle pr bukk gjev uttrykk for kjønnsfordelinga blant dei vaksne dyra i bestandane. Det har dei seinare åra vorte meir fokus på viktigheita av å ha nok hanndyr i bestandane. Utan nokon vitskapleg dokumentasjon så reknar ein utifrå erfaringstal at ein har tilstrekkeleg hanndyr når indeksen er 1,5 kolle pr bukk eller lågare. Ein skal vere klar over at indeksen ikkje speglar den faktiske fordelinga i bestandane. Resultat frå *Overvåkingsprogrammet for hjortevilt* syner at bukkane lettare let seg observere enn kollene og såleis er det færre bukk pr kolle i dei faktiske bestandane enn det Sett hjort tilseier. Om ein ser på åra frå 2014 og utover då ein har god og stabil datamengd så har indeksen vore aukande frå 1,2 i 2014 til 1,8 i 2017 for så å gå noko ned i 2018. Dette tyder at det har vorte mindre bukk i bestanden i høve koller i perioden.



Figur syner utviklinga i sett koller pr bukk i perioden 2009 – 2018. Mål for førre planperiode var **1,2 kolle** pr sett bukk, medrekna spissbukk

Sett kalv pr kolle

Denne indeksen gjev uttrykk for reproduksjonsevna i bestanden. Indeksen syner kor mange kalvar det er observert i høve kor mange koller som er observert og gjev uttrykk for reproduksjonsevna i bestanden. Trenden frå 2014 og utover er avtakande, noko som tilseier at det vert færre koller som har kalv. Utifrå erfaringstal reknar ein at denne bør ligge over 0,6. Den eintydige nedgangen skuldast mest truleg eit høgt uttak av eldre hodyr dei siste åra.




Figur Sett kalv pr kolle syner ein svak nedgang. I sist planperiode var målet 0,6 kalv pr kolle. Siste året var vi under.


Sett spissbukk pr bukk

Indeksen for Sett spissbukk pr bukk gjev uttrykk for aldersfordelinga til hanndyra i bestanden. I indeksen for Sett kolle pr bukk er spissbukk og rekna med som bukk. Ein høg indeks for Sett spissbukk pr bukk tilseier dermed låg gjennomsnittsalder for hanndyra i bestanden.

Trenden frå 2014 og utover er høvesvis låg og avtakande noko som indikerar at gjennomsnittsalderen til hanndyra i bestanden er aukande. Dette samsvarar ikkje heilt med avskytinga ein har hatt i perioden med relativt lite spissbukk og høvesvis meir eldre hanndyr. Ein skal difor vere varsam med å setje for mykje lit til denne.



Figuren viser sett spissbukk pr. bukk




Grafen over syner eit snitt på registreringar av "Sett hjort" i tidsperioden 2013 -2018

Jakttrykk

Kor stor del av dei dyra som jegerane observerar som vert felt kallar ein for jakttrykk. Dette gjev uttrykk for kor hardt jakttrykket er på dyr av ulike kategoriar. Desse indeksane kan og vere med å underbyggje indeksane for bestandsutvikling t.d. om indeksen for Sett hjort pr jdV/time går ned i eit område og indeksane for felt av sett dyr samstundes aukar vil det vere med å styrke signala om bestandsreduksjon.

Frå 2014 og utover då ein har brukbare data er andelen felte av sette dyr aukande for alle kategoriar. Dette betyr at ein feller fleire av dei dyra som vert sett noko som i lag med den markerte nedgangen i Sett hjort pr jegerdag og færre felte hjort siste året gjev sterke indikasjonar på at bestanden er redusert noko siste åra.



4.4 Overvakingsprogrammet for hjort i Sogn og Fjordane og Hordaland

Overvakingsprogrammet for hjortevilt har sidan 1992 samla inn kjevar frå felt hjort i fleire ulike regionar. Fram t.o.m. 2011 vart det og samla inn kjønnsorgan frå vaksne hodyr. Dette i lag med data om slaktevektar og fellingstidspunkt m.v. har gjeve grunnlag for mykje nyttig kunnskap om hjorteviltbestandane og endringar/utvikling av ulike tilhøve innan desse.

I region Sogn og Fjordane inngår data frå kommunane Eid, Stryn, Gloppen, Bremanger, og Flora.

Overvakingsprogrammet held fram i noko endra omfang enn tidlegare og i region Sogn og Fjordane er det no berre kommunane Flora og Gloppen som er med. I region Hordaland er det Kvinnherad kommune som inngår. Utviklinga i begge regionar er nokså lik i høve slaktevektar.


Om ein ser på avskytingsmønster og bestandsutviklinga i litt større skala så har utviklinga i perioden overvakingsprogrammet har helde på vore nokså lik over store delar av vestlandet. Ein reknar difor at gjennomsnittstal for regionen Sogn og Fjordane og Hordaland er representative og for området her.

Norsk institutt for naturforskning (NINA) som er ansvarleg for gjennomføring og oppfølging av programmet har publisert [Framdriftsrapport](#) for perioden 2012 – 2014 av. Dei har og nyleg (NINA rapport 1043) evaluert [Sett hjort](#) ordninga der dei med bakgrunn i materialet frå overvakingsprogrammet har freista å rekonstruere bestandane og samanlikna desse med Sett hjort. Vurderingane som er gjort her byggjer mykje på desse 2 rapportane.

4.4.1 Slaktevektar for kalv og ungdyr

Slaktevektene kan sei noko om vekt og kondisjonsutviklinga i hjorteviltbestandane. Sidan programmet starta opp har det for hjort i «kjerneområda» på Vestlandet vore ein betydelig nedgang i slaktevektene for kalv og ungdyr. Dette i takt med at bestandstettleiken i same perioden har vore i kontinuerlig vekst. Nedgangen var størst dei fyrste 10 – 15 åra og har seinare avteke og flata ut. Dei siste 4 – 8 åra finn forskarane på NINA ikkje nokon eintydig trend for vektutviklinga.

Utvikling slaktevekt – kalvar og ungdyr



Alle vektar korrigerert til 1. oktober



Figur 12: Syner utviklinga av slaktevektene i regionen Sogn og Fjordane for kalv (nedst) og fjorddyr (øvt) i perioden Overvakingsprogrammet har pågått. Kvaliteten på utmarksbeita kan variere ein del frå år til år. Dette gjer det vanskeleg å kunne samanlikne vektene frå eit år til neste, men over fleire år vil ein kunne sjå om det er trendar i vektutviklinga.

Det har vore registrert slaktevektar og aldersbestemt ein del hjort i Årdal kommune sidan 2013. Det er eit høvesvis lit tal individ for kvar årsklasse som er registrert der tilfeldige avvik kan gjere store utslag. Vektene varierar difor mykje frå år til år og f.eks er snittvekta til hokalvar høgare nokre år enn for hannkalvane. Ein kan såleis ikkje legge mykje vekt på desse registreringane åleine. Det er og eit for kort tidsrom til å kunne sjå om det skulle vere trendar i vektutviklinga.

Slaktevektene til kalvar og ungdyr er i Årdal noko høgare enn det ein finn i gjennomsnittstala frå region Sogn og Fjordane. Men desse vektene er ikkje korrigerert for fellingstidspunkt noko som kan påverke særskilt for kalv der ein veit at ein større del av kalvane no vert teke ut seinare enn før jakttida vart utvida i

2012. Vekta til kalvane aukar i løpet av jakttida med 30 – 40 % til den kuliminerear i slutten av november.

Registrerte slaktevekter kalv og ungdyr i Årdal


År	Hannkalv	Hokalv	Spissbuk	Fjorkolle
2013	30,3	27,7	51,6	48,2
2014	32,0	21,5	47,2	52,5
2015	30,3	31,2	53,3	43,3
2016	24,6	24,8	51,0	42,7
2017	29,5	25,5	46,1	43,0
2018				

Fig

4.4.2 Reproduksjon

Sidan starten av overvåkingsprogrammet i 1992 har andelen koller som kalvar som 2 åring vorte meir enn halvert! Dette heng direkte saman med utviklinga ein har hatt for slaktevektene til kalvar og ungdyr. Som ein konsekvens av reduserte vekter/kondisjon er det og ein del koller som heller ikkje tek kalv som 2 åring. Då ungdyr utgjer ein stor del av bestandane er dette av vesentleg betydning for reproduksjonsemna i hjortebestandane. I praksis betyr dette at ein dei fleste stader no før på ein mykje større del "uproduktive" dyr enn tidlegare og at ein må ha langt fleire dyr enn tidlegare for å produsere den same mengda kalvar. Hjorten er ein viktig og verdfull ressurs som jaktobjekt og mat, men kan og mange stader vere ei belastning på ein del andre interesser som landbruk, samferdsle og andre samfunnsinteresser. Å ha ei stor og lite produktiv bestand er såleis ikkje særleg god ressursutnytting.

Reduksjon i produktiviteten



55 % nedgang i prosentdelen to-åringar som får kalv



Figur 14: i takt med auken i bestandsstettleiken som vert synt ved fellingstal på grafen til venstre har andelen 2 årige koller som kalvar vorte meir enn halvert (grafene til høgre) sidan overvåkingsprogrammet starta.

4.4.3 Årsaker til vektnedgang og redusert reproduksjonsemne

Auka konkurrans om den beste og mest næringsrike maten er ein vanleg årsak til at auka bestandstettleik medfører reduserte kroppsvekter for hjort og andre gras/planteetande dyr. Vinterbeitet handlar for mange berre om å overleve med minst mogleg tap av kroppsvekt, men det er i vekstsesongen dyra veks og legg opp opplagsnæring til å tære på gjennom vinteren. Det er såleis sumarbeitet som er avgjerande for kroppsstorleiken og kondisjonen til dyra. Ved aukande bestandstettleik vert det konkurrans om dei mest næringsrike og attraktive beiteplantane. Dette betyr ikkje at dyra går rundt og svelt, men at dei får tilgang til mindre av dei mest verdfulle beiteplantane og fylgjeleg ikkje så god vekt/kondisjonsutvikling som dei kunne ha hatt.

Reduksjonen av 2 årige koller som kalvar er ein direkte konsekvens av reduksjonen ein har hatt i vektene for kalvar og ungdyr. Dette fordi vekta/kondisjonen til ei fjorkolle om hausten er avgjerande kor vidt den går i brunst eller ikkje. Fyrst når dei har ei slaktevekt på 43 kg er det sannsynleg at den går i brunst og kan ta kalv. Dess meir over 43 kg dess større er sjansen for at det skjer.

Forutan at små kalvar er dårlegare rusta for å kunne klare fyrste vinteren som mange stader kan vere eit nålauge vil dei heller aldri kunne vekse seg store. Dei vil bli små dyr både som ungdyr og vidare utover i livet. Små dyr produserar vanlegvis små kalvar, men her kan alderen til ein viss grad kompensere noko då eldre koller produserar større kalvar enn yngre koller. Alderen på dei vaksne hodyra i bestanden er såleis med å påverkar kalvevektene.

Alder

Store og eldre koller kjem tidleg i brunst og før såleis fram store kalvar som vert kalva tidleg. Dette har stor betydning for vektutviklinga til kalvane og dermed og kor store dei vert som vaksne.

Når så ein stadig større del av desse kalvane er så små at dei ikkje vert i kondisjon til å kunne ta kalv som 1,5 åringar vert reproduksjonsemna betydeleg redusert.

Å ha tilstrekkelig med vaksne hanndyr i bestanden har og stor påverknad for kalvevektene. Brølinga kan framskande og synkronisere brunsten hjå kollene. Kolla må parast innanfor eit tidsrom på om lag eit døger dersom det skal verte kalv. Om den ikkje vert para då kan den gå i brunst igjen om ca 18 dagar. Dette inneber seinare paring som er av avgjerande vekt for kalvevektene. Godt vaksne hanndyr har og ofte erfaring og vil kunne pare kollene når deier klare for det. Bukkane startar ikkje med skikkelig brøling før ved om lag 5 års alder og er kondisjons messig på topp frå 6-7 til 12-13 års alder.

Gjennomsnittsalderen for både hann og hodyr er her som dei fleste andre stadane på Vestlandet særslåg og ved å auke den vil det åleine vere med å leggje grunnlaget for auka kalvevekter.

NINA har med bakgrunn i innsamla materiale igjennom Overvåkingsprogrammet freista å rekonstruere bestandane i dei ulike overvåkingsregionane før jakt i 2006. Tabellen nedanfor syner totalbestanden for dyr som er 2 år og eldre og gjennomsnittsalderen til desse. Som ein ser så er det særst låg gjennomsnittsalder særskilt for bukk.

Overvåkingsområde	Gjsn alder koller	Tal koller i bestand	Gjsn alder bukkar	Tal bukk i bestand
Hordaland	5,0 år	2334	3,4 år	633
Flora og Gloppen	5,2 år	2562	3,0 år	693
Hemne og Snillfjord	5,2 år	1352	3,0 år	431

4.5 Status for bestandsutviklinga

Bestandsstorleiken

Årdal bestandsplanområde hadde i bestandsplanen for perioden 2016 – 2018 eit mål om å stabilisere bestanden kring nivået i ein hadde då planen vart utarbeidd. I planperioden er avskytinga auka årleg frå 115 dyr totalt i 2015 til 177 i 2017 for så redusere til 151 dyr i 2018.

I føregåande planperiode har eldre dyr utgjort mellom 44 og 48 % av det samla jaktuttaket. Dette er godt over målsetjinga om maksimalt 40 %. Andelen eldre dyr var høgast i 2017 då særskilt koller utgjorde ein stor del med over 28 %. Dette kan vere greitt om ein ynskjer å redusere bestanden, men i høve å byggje ei robust og stabil bestand er det særst uheldig. Vinteren 2017/2018 vart og lang og snørik noko som mest truleg har medført ei større naturleg dødelegheit enn vanleg.

Ei samla vurdering utifrå fellingstal, Sett hjort og tilhøva vinteren 2017/18 er at det har vore vekst i bestanden fram til hausten 2017. Den høge avskytinga av særskilt eldre hodyr i 2017 i lag med den påfølgjande vinteren har mest truleg medført ein mindre bestandsreduksjon samstundes som reproduksjonsemna er redusert. Om ein er tilbake på nivået i 2015 er vanskeleg å sei, men mest truleg ikkje. Ein må difor framover ha eit minst like høgt uttak som dei siste åra, men kalv (særskilt) og ungdyr bør utgjere ein større del av det samla uttaket.

Kjønnsbalanse:

Grunna overvekt av hanndyr i uttaket over lang tid er fordelinga mellom kjønna i bestandane dei fleste stader på vestlandet skeiv med for lite vaksne hanndyr. Dette vert stadfesta gjennom resultat frå Overvakingsprogrammet for hjortevilt som syner liten andel vaksne hanndyr i hjortebestandane i alle overvakingsregionane for hjort på vestlandet.

Ein har her og hatt ei betydeleg overvekt av hanndyr i jaktuttaket fram til 2015 då det var nærast balanse. Dette heldt fram i 2016 og i 2017 hadde ein ei betydeleg overvekt av hodyr for så å vere nær balanse igjen i 2018. Indeksen for Sett kolle pr bukk har vore høvesvis låg, men har dei siste åra med unntak av 2018 vore aukande og ligg no godt over 1,6. Utifrå storleiken på indeksen så er det og her for lite hanndyr i bestanden. Trenden for perioden er og svakt aukande noko som tyder på at det vert færre hanndyr i høve hodyr.


For lite vaksne hanndyr i bestanden er negativt for brunstaktiviteten som igjen påverkar kalvingstidspunkt som er viktig for kalvevektene. Låge kalvevekte over tid reduserer reproduksjonsemna i bestanden.

For låg gjennomsnittsalder i bestanden.

Resultata frå overvakingsprogrammet syner at gjennomsnittsalderen til dei vaksne dyra i alle overvakingsregionane på vestlandet er låg. Dette er uheldig for å ha stabile og robuste bestandar. Gjennomsnittsalderen for dei vaksne dyra i bestanden er av vesentleg betydning for kalvingstidspunktet og dermed og kalvevektene og til sist reproduksjonsemna. Koller over 5 år går tidlegare i brunst og før større kalvar tidlegare på året enn yngre koller medan bukkane ikkje startar med skikkelig brøleaktivitet før ved 5 års alder.


Gjennomsnittsalderen er nok her som dei fleste andre stader på vestlandet for låg i høve å ha ein stabil og god reproduksjon. Dette er godt dokumentert igjennom Overvakingsprogrammet. Som grafen nedanfor viser er det berre eit fåtal av dyra som oppnår å bli «vaksne» (5 år+). Sjølv om dette er tal frå eit anna område i Sogn og Fjordane har avskytingsmønsteret over lang tid mykje godt vore likt over det meste av vestlandet. Så figuren nedanfor er nok mykje truleg representativ for stoda i området her og.

Undersøkingar frå i alt 48 150 dyr felt i Flora, Bremanger og Stryn frå 1991 til 2016 syner at det er låg andel eldre dyr i bestanden i desse områda. Denne undersøkinga representerar ein så stor del av dei felte dyra over så lang tid at det er representativt for stoda i bestandane i regionen. Berre nokre få % av dyra for kvart kjønn opplever å bli over 5 år.



Figur syner alderssammansetting av felte dyr i Bremanger, Gloppen, Flora og Stryn i perioden 1991-2016

For Årdal syner innsamla materiale at:..... Viser fordelinga av alderen i % på i alt 223 aldersbestemte dyr i Årdal sidan 2013. Som ein ser er ein større del av dei felte dyra her i aldersgruppa 4 – 10 år enn det ein finn for region Sogn og Fjordane. Dette tyder at gjennomsnittsalderen her er noko høgare, men datamengda her er lita og dei aldersbestemte dyra utgjer ein liten del av dei totalt 808 felte dyra i perioden. Det er difor uråd utifrå dette å sei at aldersfordelinga her er annleis enn i overvåkingsregionane.



Figur syner alderssammansetting av felte dyr i Årdal for åra 2013, 2016, 2017 og 2018 ??

TIL OPPDATERING

Tiltak for å endre bestandsstatus:

For å oppnå betra kjønns og aldersstruktur i bestanden må ein redusere andelen eldre dyr i jaktuttaket samstundes som ein aukar uttaket av kalv og ungdyr. Dersom ein ikkje aukar uttaket av kalv (særskilt) og ungdyr samstundes som ein reduserer andelen eldre dyr vil ein redusere gjennomsnittsalderen blant dei eldre dyra i bestanden.

Fordelinga på kjønn bør helst vere i balanse eller ha ei overvekt av hodyr nokre år for auke andelen hanndyr blant dei eldre dyra i bestanden.

Andelen kalv i jaktuttaket er i gjsn for siste 5 års perioden 25 % og for siste år 23 % og bør aukast. Stor andel kalv er det beste tiltaket ein har for å auke gjennomsnittsalderen hjå dei attlevande dyra i bestanden.


Andelen ungdyr har og vore låg siste åra og bør aukast særskilt for fjorkoller medan det ikkje er ynskjeleg med nokon stor auke i andelen spissbukk i høve å få meir hanndyr i bestanden.

For å betre kjønnsbalansen og få meir vaksne hanndyr i bestanden må ein ha eit kjønnsnøytralt uttak eller helst ei overvekt av hodyr nokre år. Eldre hanndyr utgjorde i fjor 24 % av jaktuttaket noko som er for høgt både i høve kjønnsbalansen og for gjennomsnittsalderen til hanndyra i bestanden. Dette bør såleis reduserast monaleg for å få meir vaksne bukkar i bestanden.

Eldre hodyr har og utgjort ein for stor del av uttaket og andelen bør reduserast for å få ei meir robust og stabil bestand. Beste tiltaket for å redusere andelen eldre dyr er å auke andelen kalv. Dette er og det tiltaket som raskast gjev auke i gjennomsnittsalderen til dei vaksne dyra i produksjonen. Eldre dyr før fram større og meir robuste kalvar og gjev grunnlag for ein stabil reproduksjon.


4.6 Kvar vert hjorten skoten?

Dei fleste dyra vert felt i skogen, men det er etter kvart ei utfordring for dei som driv aktivt jordbruk at hjorten beitar ned innmarksareal og gjer skade på bærproduksjon.



Oversikt over syner antall dyr felt på innmark i perioden 2011-2014. Av totalt felte dyr i dei ulike områder er det felt 23% på innmark.

Offerdalen har størst felling på innmark med 32%, Seimsdalen og Fardalen har 18 % kvar og Vikadalen 17 % av totalt felte i sine områder. Utladalen og Eldegarden har registrert felt hjort på innmark i 2015.



Ein av utfordringane er å ta ut dei rette dyra. Uttak på innmark er ein god måte å ta rett type og samtidig ta ut potensielle skadedyr.

Det vart i førre planperiode ikkje rapportert om beiteskader på innmark.

For å redusere beiteskader må ein fokusere på å ta ut vaksne og yngre hodyr, på innmark. Desse dyra er tradisjonsbærarar som må vekk om ein skal gjere tiltak som skal avhjelpe situasjonen.

4.7 Irregulær avgang

Irregulær avgang i hjortebestanden knytt til møter mellom hjort og bil har ikkje vore noko stort problem i Årdal. Vi har likevel sett ei auke dei siste åra av førre planperiode



Fig Viser fallvilt i Årdal i perioden 2005 - 2015

Som ein ser av fig over så er det påkøyrslar over heile kommunen. Det FV 53 frå Øvre og vestover at ein har mest påkøyrsel av hjort.

År	2013	2014	2015	2016	2017	2018
Påkjørt av bil	3	8	6	7	5	6
Påkjørt av motorsykkkel e.l.	0	0	0	0	0	0
Påkjørt av tog	0	0	0	0	0	0
Felt ulovlig	0	0	0	0	0	0
Felt som skadedyr	0	2	0	0	0	0
Felt i nødverge	0	0	0	0	0	0
Sykdom, skade eller andre årsaker	0	1	2	1	5	9
Sum	3	11	8	8	10	15

4.8 Beiteskader

I forkant av førre planperiode vart det meldt om beiteskade på avling og beitemark i Vikadalen og på styva almtre i Avdalen. Beiteskade på alm er skildra som eit problem som har oppstått eller akselerert dei siste åra. Det vert og synt til at uttak av dyr i dette området er kun nokre få dyr. Det har nødvendigvis ikkje samanheng med for høg tettleik av hjort. Vinteren 2014/2015 har synt større beiteskade på skogen generelt en det ein har registrert tidligare vintrar.

Avbøtande tiltak bør vere fysiske tiltak, der det er høveleg, for å hindre tilgang for hjorten, skadeløyver kan vere eit tillegg. Gjennom medlemskap i bestandsplan er det opning for at løyver kan flyttast innanfor driftsplanområdet og på den måten bidra til å ta ut fleire dyr der skade/problem oppstår utan å gå utover rammene som ligg i plan.

I planperiode for 2016-2019 er det ikkje komen inn ytterligere meldingar om skade på innmark eller skog. Ein registrerte likevel store mengde gnaging på skog, vinteren 2017/18 utan at dette er meldt inn eller dokumentert. Mykje snø i deler av kommunen og kulde kan ha vore ein medvirkande årsak.

I samband med kartlegging av naturtypar i skog på oppdrag frå Miljødirektoratet, var biologen Geir Gaarder ein runde i Sogn og Fjordane i august 2018. I våre nabokommunar er det registrert store beiteskader på ask og alm Både alm og ask er på den norske raudlista over trua artar, i kategorien *Sårbar*, både på grunn av innførte tresjukdomar og «påvirkning fra stedegne arter».



Øydeleggingane i biologisk viktige naturtypar ser ut til å vere mest omfattande i Luster og Leikanger, men det er grunn til å tru at hjorteproblemet er omfattande i heile Indre Sogn frå Høyanger til Lærdal – og truleg i dei fleste kommunane i fylket. Det har ikkje vert undersøkingar i Årdal med det er grunn til å tru at ein også her har eit aukande problem.

*Bildet er tatt på Loi feb/mars 2017.
Foto Jasmin Eminovic*

4.9 Tilrådd avskytingsmodell

Tilrådd avskytingsmodell har lenge vore å skyte «gjennom bestanden» dvs at jaktuttaket skal gjerast på alle kjønns og aldersgrupper og at evt. ynskje om auke eller minke i bestandane skal gjerast gjennom å auke eller redusere det samla uttaket. Tilrådd fordeling av uttaket har vore eit minimum 20 % kalv (samla for begge kjønn), minimum 20 % fjorkoller, minimum 20 % spissbukk, maksimum 20 % eldre hanndyr og maksimum 20 % eldre hodyr. Vidare at fordelinga mellom kjønna samla sett skal vere lik og at kalv og ungdyr samla bør utgjere minst 60 %. Dess større del av uttaket ein har på kalv og ungdyr dess større totaluttak kan ein ha. Med ynskje om å gjere dei relativt høge bestandane vi har i dag meir stabile og robuste bør særskilt kalv utgjere ein langt større del av jaktuttaket enn tilrådingane tidlegare.

4.10. Avskyting i planområdet siste 5 år

Under føresetnad av at jakttykket vert oppretthalde nokolunde jamt og at det ikkje vert sett i verk særskilde tiltak for å påverke bestandsutviklinga for større område samla vil fellingstala over tid kunne sei noko om bestandsutviklinga. Dette i lag med tildelte fellingsløyve og fellingsprosenten vil og på kortare sikt kunne sei noko om bestandsutviklinga. Fellingsprosenten vert rekna ut på bakgrunn av kor mange av tildelte fellingsløyve som vert felt.

5 MÅLSETTINGAR

Årdal bestandsplanområde søker om godkjenning av ein treårig plan for tidsrommet 2019 - 2021 for forvaltning av hjorten i Årdal kommune.

For at ein skal kunne styre mot ei ynskja utvikling er det naudsynt med konkrete, målbare og tidfesta målsettingar.

Måla skal ta omsyn til offentlege krav og føringar, desse skal ligge til grunn for planarbeidet. Årdal bestandsplanområde ser det som viktig at planen er basert på lokalt forankra målsettingar, ein legg difor til grunn at det kan vere ulike ynskjer mellom medlemmene i bestandsplanområdet.

Forskrift om forvaltning av Hjortevilt har krav om at grunneigarane sine bestandsplanar skal ta omsyn til offentlig målsettingar. Årdal kommune har laga eit måldokument for hjorteforvaltninga i kommunen. I kapittel 3. (Mål) Står det følgjande:

"Årdal, Lærdal og Aurland har som mål å ha ein bestand av hjortevilt som er tilpassa naturleg næringstilgang, har god kondisjon og som skal føra til minimal skade på jord, skog og andre samfunnsinteresser. Hjorteviltbestanden skal vere til nytte og glede for grunneigarar, jegerar og ålmenta"

5.1 Hovudmål.

Hovudmålet for denne planperioden er å stabilisere hjortestamma på dagens nivå. Dette skal gjerast innafor berekraftige rammer for landbruket, skogbruket og andre samfunnsinteresser. Ein legg vidare til grunn ei målsetting om ein forutsigbar bestandsutvikling til gode for jaktrettshavarar, næringsverksemd og andre samfunnsinteresser

Målsettinga er ein hjortebestand med stor produksjonsevne ut i fra beitegrunnlaget der gjennomsnittsalderen i bestanden er relativt høg. Dette skal legge grunnlaget for ei stabil og robust bestand som skal gje grunnlag for eit årleg uttak på om lag 150 – 160 hjort på ein noko mindre vinterbestand enn det ein har i dag.

5.2 Delmål:

- Halde på eit godt kjønnsforhold i bestanden. Tilhøva kolle /bukke skal ligge innanfor området 1,2 på sett hjort observasjonar.
- Legge tilrette for eit uttak lokalt i driftsplanområda som tek omsyn til lokale ynskje og behov.
- Legge til rette for betre avgjerslegrunnlag i hjorteforvaltninga. Innlevering av sett hjort skjema skal vere 100%. Dette gjeld også jaktfelt innanfor storvald.
- Sett hjort pr jegertime >0,3
- Sett kalv pr kolle > 0,6

- Merking av dyr for å auka kunnskap om vandring. Samarbeide med andre kommunar for kartlegge vandring.
- Fellingsprosent >70%
- Samarbeid over valdgrensar.
- Auke gjennomsnittsalderen hjå dei vaksne dyra i bestanden
- Auka slaktevekt på kalvar og ungdyr – fylgje opp slaktevektregistreringane for kalv og ungdyr
- Uttak av dei minste dyra i kvar kjønn- og aldersklasse og skjerming av dei store.

Dei 6 driftsplanområda har ulik strategi på korleis hjortestammen skal utviklast i sine respektive driftsplanområder. Frå ønske om reduksjon (Vikadalen) til stabilisere og til svak auke. Ut frå desse tilhøva tilrår ein i denne bestandsplanen med ulikt «teljande areal pr dyr», 800 da (Vikadalen og Offerdalen), 1000 da (Eldegard og Seimsdalen) 1200 da (Utladalen og Fardalen). Ein tilrår vidare at høgdegrensa på 900 m.o.h. vert som før.

6. Handlingsdel – avskytingsplan

Handlingsdelen i planen skal legge rammene for avskytinga i Årdal Bestandsplanområde, det er likevel grunn til å nemne at det er litt ulike tilhøve knytt til hjortemengd og skadeproblematikk på ulike stadar i kommunen. Planen vil ta høgde for dette, og har fokus på at totalen skal vere rett. Det er valda/medlemane som er den juridiske eininga og som får tildelt løyver etter fordelinga i denne bestandsplanen.

Årdal bestandsplanområde meiner hjortestamma er sunn og frisk. Vi ser og at det dei siste åra er skote meir tilvekst (ungdyr og kalvar) enn ein har gjort før. Dette meiner vi er positivt i høve til å i større grad gå mot enno meir retta avskyting for å nå målet om moderat vekst i deler av planområdet, reduksjon i eit område og mot stabilisering totalt i planområdet. Dette er og viktig for å nå målsetting om høg alder på dyr som går att i skogen.

Plan for 2016 – 2019 syner at vi ikkje kom i mål med uttak av ungdyr og redusere uttak av produksjonsdyr enno meir. Dette vert ei utfordring i komande planperiode. For å oppnå ein sunn bestande av livskraftige dyr må uttak av ungdyr auke i komande planperiode

For å betra kjønns og aldersstruktur i bestanden må ein redusere andelen eldre dyr i jaktuttaket og dermed ha ein stor del av jaktuttaket på kalv.

6.1 Avskytingsplan

Årdal bestandsplanområde søker om godkjenning av bestandsplan for treårsperioden 2019 - 2021 med ei årleg kvote på 212 dyr, til saman 636 løyve for heile planperioden.

Avskytingsmålet for heile planområdet samla er eit årleg uttak på minimum 150 hjort dei 3 neste åra.

Jakttutaket for perioden samla skal fordelast slik:

- Maksimum 15 % eldre hanndyr
- Maksimum 20 % hodyr 2,5 år og eldre
- Maksimum 15 % spissbukk
- Minimum 35 % kalv av samla uttak
- Kalv og ungdyr samla skal utgjere minimum 65 %
- Fordelinga mellom kjønn for alle årsklassar samla skal vere nøytral eller helst ha ei lita overvekt av hodyr
- Med unntak av for kalv kan dette avvikast einskildår og på valdnivå, det er sluttsommen for bestandsplanområde som gjeld. Dvs at ein tek ut andelen kalv kvart år.

For å oppnå dette vert det søkt om godkjenning for bestandsplanen med ei årleg tildeling på 212 fellingsløyver pr år til saman 636 for heile planperioden. Fellingskvoten vert fordelt på valda i samsvar med tabellen nedanfor.

6.2 Fordeling av fellingskvote til valda

Offerdalen Vald ID	Valdnavn	AREAL (daa)	Runda til heile dyr pr år	Tildeles i planperioden				
				Kalv han / ho 30%	Eldre ho 15-20%	Ungdyr Ho 20%	Ungdyr han 15%	Eldre han 15%
1424V0001	Almenningen	5414	8	7	4	5	4	4
1424V0004	Skogli	5160	8	7	4	5	4	4
1424V0005	Fornabu	4751	7	6	4	4	3	3
1424V0006	Indre Offerdal	12727	20	18	12	12	9	9
1424V0027	Ytre Offerdalen	13763	22	20	13	13	10	10
	Totalt	41815	65	59	37	39	29	29
Seimsdalen/ Nundalen/Hæreid Vald ID	Valdnavn	AREAL (daa)	Runda til heile dyr pr år	Tildeles i planperioden				
				Kalv han / ho 30%	Eldre ho 15-20%	Ungdyr Ho 20%	Ungdyr han 15%	Eldre han 15%
1424V0008	Seimsdalen vest	16070	20	18	12	12	9	9
1424V0009	Seimsdalen aust	8404	11	10	6	7	5	5
1424V0011	Kletta	1843	2	2	1	1	1	1
1424V0012	Nundal Vest	3002	4	4	2	2	2	2
1424V0014	Nundal Aust	3484	4	4	2	2	2	2
1424V0040	Hæreid	7881	10	9	5	6	5	5
1424V0042	Øvstetunskorane	2827	4	4	2	2	2	2
	Totalt	43511	55	50	31	33	25	25
Vikadalen Vald ID	Valdnavn	AREAL (daa)	Runda til heile dyr pr år	Tildeles i planperioden				
				Kalv han / ho 30%	Eldre ho 15-20%	Ungdyr Ho 20%	Ungdyr han 15%	Eldre han 15%
1424V0019	Mjølkeflaten	1144	2	2	1	1	1	1
1424V0020	Natvik	20915	33	30	19	20	15	15
1424V0032	Hovland	8270	13	12	7	8	6	6
	Totalt	30329	48	43	27	29	22	22
Utladalen Vald ID	Valdnavn	AREAL (daa)	Runda til heile dyr pr år	Tildeles i planperioden				
				Kalv han / ho 30%	Eldre ho 15-20%	Ungdyr Ho 20%	Ungdyr han 15%	Eldre han 15%
1424V0023	Avdalen	3411	4	4	2	2	2	2
1424V0025	Vetti	19194	20	18	12	12	9	9
1424V0026	Hjelle	7191	7	6	4	4	4	3
	Totalt	29796	31	28	19	19	15	14
Eldegarden Vald ID	Valdnavn	AREAL (daa)	Runda til heile dyr pr år	Tildeles i planperioden				
				Kalv han / ho 30%	Eldre ho 15-20%	Ungdyr Ho 20%	Ungdyr han 15%	Eldre han 15%
1424V0038	Eldegarden	37376	47	42	28	28	22	21
Fardalen								
1424V0016	Fardalen storvald	21374	22	20	13	13	10	10
Samla for driftsplanområdet	Valdnavn	AREAL (daa)	Runda til heile dyr pr år	Tildeles i planperioden				
				Kalv han / ho 30%	Eldre ho 15-20%	Ungdyr Ho 20%	Ungdyr han 15%	Eldre han 15%
	Totalt planomr	204201	268	241	155	161	122	121

6.3 Overføring av fellingsløyve mellom vald, fellesjakt.

Det er høve å overføre fellingsløyve mellom valda i bestandsplanområdet jfr §19 i *Forskrift om forvaltning av hjortevilt*.

For Årdal Bestandsplanområde gjed denne bestemmelsen vald innanfor dei 6 ulike driftsplanområder.

Dette kan gjerast både ved at valda overfører fellingsløyve gjevne i eit vald til eit anna vald og ved at vald let andre vald få jakte på sin fellingskvote på deira areal. Føremålet med slik overføring er å ha fleksibilitet for å nå måla i bestandsplanen og for å avverge skadepress på landbruksnæring og anna. Det er og høve å overføre ein mindre del av den årlege fellingskvoten frå eit år til eit anna.

Valda sjølve avtalar og organiserer overføring av fellingsløyve eller fellesjakt.

Alle jaktrettshavarane i dei involverte valda må samtykke før ein kan inngå slike avtalar.

Felte dyr ved fellesjakt/overføring av fellingsløyve skal rapporterast frå dei valda dei er tildelt.

6.4 Fordeling av kvoten

Det enkelte vald får tildelt heil kvoten for heile planperioden etter følgjande oppsett: Driftsplanområde; Vikdadalen og Offerdalen 800 da, Fardalen og Utladalen 1200 da og resten 1000da

6.4 Tiltak for auka uttak av kalv

- Det vert føreslege å ikkje ha fellingsavgift på kalv. Fellingsavgifta på kalv er pr 2019 kr 220,-
- Det enkelte vald kan lage sine egne reglar for å auke uttaket av kalv

6.5 Innsamling av kjeve- og CWD prøvar

Det skal i planperioden samlast inn kjevar og vekt på felte dyr til måling av fluor, vekt og kondisjon. Veterinærinstetuttet er ansvarlege for prosjektet og kostnadane vert dekkja av Hydro Aluminium.

Det er tidligare samla inn kjevar 1996-1998 ifm fluorregistrering i regi av Hydro Aluminium. I 2013 hadde vi innsamling i eigen regi, der aldersbestemming var hovudårsak til innsamling. Det vart også på denne undersøkinga gjort registreringar av fluor.

Det er i førre planperiode vart 80% av alle felte dyr samla inn kjevar på og 100% vart tatt CWD prøvar av i Årdal kommune. Alle CWD prøvar var negative. Når det gjeld fluorskade på hjort så er ikkje analysearbeidet klart

Det vart samla inn kjevar til aldersbestemming og fluorprøvar, det var ikkje samla inn for kalv i 2017 og kalv og ungdyr i 2018

2017 ant 96 av 128 dvs 75% innlevert

2018 ant 59 av 72 dvs 80% innlevert

For komande planperiode må vi verte flinkare til å skrive på riktig på korta, reinske og turke kjevane. Nokre av kjevane er pakka i plast utan at dei var reinska tilstrekkeleg, det fører til at tennene rotnar og ein får ikkje teke prøvar.

Det vil verte betre tilrettelagt for innsamling av kjevar i neste periode med eige tørkestativ.

Vi har god dialog med Hydro og ser på å få til eit merkeprosjekt for å avklare kvar hjorten er når den vert eksponert for fluor.

Prosjektet kan og bidra til å sjå noko av trekkmonsteret til hjorten i området og gjerne vere grunnlag for ny diskusjon om kvar yttergrensene for bestandsplan skal gå.

Fokuset på CWD har ført til auka uttak av hjort i grenseområda mot Nordfjella. Det er innsamla prøvar frå om lag alle felte dyr i Årdal sidan 2015. Avgjersle frå Mattilsynet og Miljødirektoratet kan påverke kva uttak som skal gjerast i planperioden.

6.6 Kompetanseheving

Kvart år før jaktstart skal det haldast jegermøte der status og forvaltning er tema. Dette for å formidle status etter fjorårets jakt og kva som er viktig ved årets jakt for å klare målsettinga i bestandsplan. Hjortesenteret på Svanøy vert brukt som fagleg bistand ifm utarbeiding av plan og spørsmål knytta til forvaltning. Representantar for styret vert oppmoda til å delta i møter og seminar som omhandlar hjorteviltforvaltning.

6.7 Samarbeid utanfor bestandsplanområde

Det skal vere årleg kontakt med Luster og Lærdal om utvikinga i bestanden for desse områda. Resultatet frå desse møta kan vere med å påverke samarbeidet om forvaltninga over bestandsplangrensene.

6.8 Rullering av planen

Planen skal ha ein årleg evaluering som skal leggast fram på årsmøtet. Styret i bestandsplanområdet skal lage framlegg til ny plan i god tid før siste årsmøte i planperioden. Denne skal sendast ut på høyring til valda, før den vert handsama på årsmøte før endeleg godkjenning.

7 Elg, bestandsplan



Foto: M. Renningen

7.1 Målsetting

For å få ein betre forvaltning av elg i Årdal kommune blir denne planen for elg inkludert i «Bestandsplan for hjortevilt Årdal Kommune».

Vi har som mål å leggja til rette for ein høgare elgstamme i kommunen. På sikt må vi ha som mål å auka stammen slik at ein kan få til eit høgre årleg felling av elg.

Delmål, dei fyrste 3 åra 2019-2021

- Unngå uttak av produksjonsdyr
- Samtlege elgvald skal rapportera på Sett elg skjema i portalen f.o.m 2019
- Sett ku pr okse > 1,5
- Sett kalv pr hodyr > 0,7

7.2 Elg og hjort i samme terreng

Årdal bestandsplanområde for hjortevilt ser ikkje nokon konflikt i å ha jaktbar elg-stamme i eit område der hjort er de dominerande hjortevilt-arten. Det er i mange områder etablert jaktbare og gode bestandar av både elg og hjort.


Nedanfor følger utklipp noko data som underbygger dette.

7.2.1 Referanse: Johan Trygve Solheim (Norsk Hjortesenter) og Kjell Huseby (Sweco Norge), Hjorteviltet 2013, www.hjorteviltet.no


Hjort på Vestlandet og elg på Østlandet. Dette var i mange år sannheten som gjaldt. Nå trives hjorten godt på Sørlandet, den har spredt seg over store deler av Østlandet og er på vei nordover.

Det kan se ut som om elgen ikke har fått samme fotfeste på Vestlandet som hjorten har fått på deler av Sør- og Østlandet.

Dessuten har også elgen i løpet av 40-50 år etablert seg solid nordover. Fellingsstatistikk og observasjoner viser at elgen ikke har inntatt Vestlandet i samme grad. I Rogaland og i Møre og Romsdal har vi riktignok hatt en tydelig vekst i elgbestanden og i indre deler av Hordaland og Sogn & Fjordane felles det noen få dyr.



7.2.2 Referanse: Hjorteviltet 2006 *Elg og hjort i Sør-Trøndelag – er de konkurrenter?* Av Bjørn Ragnbru




Både elg og hjort tar nye områder i bruk. Trives de sammen eller er de konkurrenter og fortrenger hverandre? Når elgen eller hjorten inntar nytt land er det ikke uvanlig med noen skeptiske røster. Hvordan skal dette gå? Vi vet jo at elg og hjort ikke går i samme terreng! Erfaringer fra Sør-Trøndelag tyder imidlertid på at disse artene går svært godt sammen.

Hjort og elg har eksistert sammen i mange tusen år og har utviklet ulike fysiologiske tilpasninger til det felles livsmiljøet de lever i. Elgen har en anatomi og fysiologi som er tilpasset å nyttiggjøre seg en større andel kvist, mens hjorten er mer tilpasset å beite på nær bakkevegetasjon. Disse økologiske tilpasningene har trolig resultert i at det generelt er lite konkurranse om beiteressurser mellom disse artene. Denne vurderingen gjenspeiles også i Sør-Trøndelag, vi er ikke kjent med noe som tyder på at det er noen merkbar konkurranse, hverken utnyttelsekonkurranse eller forstyrrelseskonkurranse, mellom elg- og hjortbestandene i Sør-Trøndelag. Jakta holder trolig bestandene av både elg og hjort så lave at det ikke blir reell beitekonkurranse mellom artene. Og, dersom bestandene teoretisk sett skulle bli svært store, ville antagelig konkurransen internt i elgstammen eller internt i hjortestammen, bli langt større enn mellom artene. Vi bør imøtekomme den naturlige spredningen til både hjort og elg og glede oss over en rikere fauna som garantert vil gi flere fine naturopplevelser i årene som kommer.

7.3 Statistikk/fakta elgbestanden som vi skal forvalta

Nedfor er ein oversikt av tildelte og felte elg i perioden 1978 -2018. Denne viser ein nedadgående trend på felt elg i Årdal.



Figur 1 Antall tildelte og felt elg i perioden 1978-2018, Årdal kommune.

Det har i mange år vore jakta elg i kommunen. Dei siste åra har det vore 7 elgvald. Areala som ligg til grunn for desse vada er ikkje oppdatert etter kart-digitaliseringen (med unnateke av valdet Eldegard). Me forventar at arela blir noko justert når areala blir revidert (neste 3 års plan).


Dei siste åra har det blitt fordelt 30 % kalv – 35 % eldre okse og 35 % eldre ku. Den store andelen av produksjonsdyr er ikkje i samsvar med eit mål om å auka stammen.

Tabell 1 Elgvald i Årdal kommune og tal løyver med fordeling 2016-2017-2018.

K=kalv 30% H=hodyr≥1,5år 35%
O=okse≥1,5år 35%

Vald	Vald ID	Areal 2016	Tal løyver 2016	Minsteareal daa	Tal løyve runda ned til heile dyr	2016			2017			2018		
						K	H	O	K	H	O	K	H	O
Seimsdal Vest	1424V0031	16070	1,607	10000	1			1			1			
Ytre Offerdal	1424V0033	13763	1,3763	10000	1			1			1			
Indre Offerdal	1424V0035	12727	1,2727	10000	1	1		1						1
01-004 Offerdal	1424V0036	17500	1,75	10000	1	1		1						1
Utladalen	1424V0037	32900	3,29	10000	3	1	1	1	1	1	1	1	1	1
Eldegarden	1424V0038	37376	3,7376	10000	3	1	1	1	1	1	1	1	1	1
Natvik	1424V0039	20915	2,0915	10000	2	1	1		1	1	1	1	1	1
SUM					12	3	5	4	4	5	3	5	2	5
Prosent						25	42	33	33	42	25	42	17	42

Ser me nærmare på perioden 2008 til 2018 kan dette oppsummerast i dei 2 figurane nedanfor:




Figur 2 Antall felte dyr og type dyr 2008-2018, Årdal kommune

Det er felt relativt mange produksjonsdyr, 2015-2016 og 2017.

Det er valda Eldegard og Utladalen som peikar seg ut å vera dei valda det blir felt flest elg i. Det er også her det blir observert flest dyr under jakta og ellers på året (?). Vinterstid blir det også observert noko elg i desse områda. Valdet Seimsdal Vest har hatt 3 fellingar siste 10 årsperioden.

Kan også nevna at våre naboar i Luster (Vald «Utladalen») også observerar elg vinterstid omkring Vormeli/Skogadalen. Dei har også ferre elgobservasjonar i valdet siste åra.

Våre naboar i Lærdal har auka fellingsløva drastisk i 2018 (frå 27 i 2016-2017) til 60 – truleg som følge av CVD aksjon og eit ønske om auka avskyting.




Figur 3 Felte dyr i dei ulike valda 2008 - 2018, Årdal kommune

Totalt sett er tal elgar felt i Årdal kommune låg. Men i dei områda som det blir jakta etter elg er elgjakta sett på som attraktiv og verdifull. Elg stammen blir sett på som veldig attraktiv å ha i området.

Dersom vi går tilbake til perioden før år 2000 var det gjemlig felling av elg i Natvik her er det markant reduksjon i observasjonar.

Elgstammen i Årdal er ansett å være svært avhengig av kva som skjer i våre nabo kommunar i aust og nord. Sett i forhold til nokre av desse kommunane har vi ein liten elgstamme.





Figur 3 Øverst Årdal kommune med sine nabokommunar. Nederst antall felte elg, 2017, i nokre av kommunane (henta frå hjorteviltregisteret)

Det er ikkje rapportert om beiteskadar frå elg i kommunen siste åra. Men i Offerdalen og Seimsdalen er det dyrka ein god del furu etter stormen 2011, Dagmar. Grunneigarane ønsker ikkje beiting av elg i desse felta.

Tabell 2 Sett elg, henta ut frå Hjorteviltregisteret, Årdal kommune 2008 - 2018.

År	Antall jegerdager	Okse	Ku uten kalv	Ku med en kalv	Ku med to kalver	Sum kalver	Ukjent	Sum sette elg	Jaktfelt som har levert skjema
2008									
2009	113	13	8	3	4	11	9	48	1
2010	83	17	7	2	1	4	10	41	1
2011									
2012									
2013	30	7	0	3	0	5	3	18	1
2014	39	8	0	1	2	5	4	20	3
2015	52	3	3	3	1	5	3	18	3
2016									
2017									
2018	77	0	1	0	0	0	0	1	2

Rapportering av sett elg er mangelfull og lite egna som eit verktøy i forvaltningen. Her må vi skjerpa oss! Vi anser «Sett elg» som eit viktig verktøy i den vidare oppfølging og utvikling av planarbeid for elg. Som eksempel så ser ein at i 2018 er det sett 1 ku utan kalv og felt ein ung okse.

Innsamling av kjevar og CVD prøvetaking vil følga same reglar som for hjort.

7.4 Fallvilt av elg i årdal



Fig 4 Fallvilt Elg i Årdal, registrert i Hjorteviltregisteret i perioden 2008 – 2018

År	2012	2015	2016	2017
Påkjørt av bil	0	0	0	0
Påkjørt av motorsykkkel e.l.	0	0	0	0
Påkjørt av tog	0	0	0	0
Felt ulovlig	0	0	0	0
Felt som skadedyr	0	0	0	0
Felt i nødverge	0	0	0	0
Sykdom, skade eller andre årsaker	1	1	1	1
Sum	1	1	1	1

7.4 Forslag til avskytingsmodell på elg i Årdal kommune

Forslag fyrste 3 år (2019-2020-2021):

50 % kalv

50 % 1,5 år (oppfordrar jegerane å fella 1,5 år okse heller enn 1,5 år ku)

Føresler å behalda minsteareal på 10000 da pr løyve. Teljande areal er som for hjort : under 900 m.o.h.

8 Rådyr, bestandsplan



Årdal bestandsplanområde for hjortevilt har sendt søknad om åpning av jakt på rådyr i kommunen. Retningslinjene for viltforvaltning i Årdal kommune legg opp til at rådyr forvaltningen skal legges opp til høsting av overskuddet i en bærekraftig bestand.

Tilbakemeldingar i mange år om auka bestand av rådyr har gjort at Årdal bestandsplanområde for hjortevilt har bede kommunen opne for jakt på arten.

Jakt er den viktigaste bestandsregulerande faktor og vil såleis vere det som er naudsynt for å kunne regulere bestanden iht ønska mål.

Rådyrene brukar også aktivt bustadområder og dette kan skape konflikhtar i form av beiting på blomster og prydbusker og på kirkegårdar. Rådyret beiter blåbær -og røsslyng sen høst og vinterstid på samme måte som elg og hjort og har derfor en viss beiteoverlapp på desse artane. Rådyr beitar også kvist på vinteren når det er snø, spesielt eik.

I Norge er det opp til hvar kommune om det er tillatt med alminnelig rådyrjakt. Den regelbundne rådyrjakta går føre seg mellom 25. september og 23. desember hvar år. Voksen bukkejakt starter likevel allereie 10. august. Under bukkejakta er det ikkje tillatt å bruke hund, og rifle er i denne perioden eineste lovlige jaktvåpen

8.1 Fallvilt av rådyr



Kart syner fallvilt for rådyr i perioden 2013-2018

År	2013	2015	2016	2017	2018
Påkjørt av bil	7	2	3	2	2
Påkjørt av motorsykkkel e.l.	0	0	0	0	0
Påkjørt av tog	0	0	0	0	0
Felt ulovlig	0	0	0	0	0
Felt som skadedyr	0	0	0	0	0
Felt i nødverge	0	0	0	0	0
Sykdom, skade eller andre årsaker	1	2	0	1	2
Sum	8	4	3	3	4

Dagens bestandssituasjon:

- Det er ikke registrert rådyr i Vikadalen og Offerdalane
- Periodevise svingninger i forhold til snømengder og rovdyr

Ønsket situasjon:

- En mest mulig stabil og sunn rådyrbestand.
- Akseptable trafikkproblemer
- Minimale skader på villahager, jord- og skogbruk og kirkegårder
- Forsiktig uttak i første planperiode for å få bedre oversyn over bestanden
- Minstemål 10 000da

Hovedmål:**Bærekraftig forvaltning av Rådyrstammen i Årdal kommune****Delmål:**





- Avskyting i henhold til bestandsstørrelsen.
- Rådyrbestanden skal ha en variert og god kjønns og aldersstruktur.
- De ulike grunneierlagene skal forsøke å ha et uttak på 30 % bukk, 20 % geit og 50 % killing av det totale jaktuttaket.
- Opparbeide gode tellings og avskytingstabeller til bruk i forvaltningen i neste planperiode

VEDLEGG / EVALUERING AV FØRRE PLAN PR DRIFTSPLANOMRÅDE

I vedlegg vil ein finne ein skildring av dei ulike driftsplanområda, historiske data på felt og sett hjort. Her vil og finna ein status i det aktuelle området og kva utfordringar ein ser føre seg i planperioden. Etter kvart som ein får inn meir kunnskap og data vil ein oppdatere kunnskapen om dei ulike områda og heile planområda. Vi har valt å ta dette med for at vi skal ha eit bilete av situasjon når ein går inn i planperioden, ein vil da i større grad kunne sjå effekten av tiltaka i planen og gjere justeringar på vegen.

Offerdalen driftsplanområde

Mål og status 2016-18



Offerdalen

Området strekker seg frå fyret utanfor Seimsdalen mot Offerdalen og til grensa med Luster kommune Topografi: Frå bratte og ulendte områder med furuskog i vest til noko meir ås-prega furuskog og store områder med lyng i aust.

Indre Offerdal har ein del område prega av kultur- og beitemark. Deler av marka vert slegen og brukt til beite for sau. Heile driftsplanområde består i hovudsak furuskog, med enkelte plantefelt av gran.


Hjorten brukar Offerdalane som vinterbeiteområde. Ein baserar dette på visuelle observasjonar sein haust, vinter og vår.

Vald innanfor driftsplanområde.

Det er 800 da minsteareal i planområde

Vald ID	Valdnavn	AREAL (daa)
1424V0001	Almenningen	5414
1424V0004	Skogli	5160
1424V0005	Fornabu	4751
1424V0006	Indre Offerdal	12727
1424V0027	Ytre Offerdalen	13236
	Totalt areal	41288


Sett hjort



Snitt frå alle vald i Offerdalane perioden 2009-2018

Som ein ser av grafen er det reduksjon i sett hjort pr jegerdag siste to åra og sett kolle pr bukk siste året.

Felt hjort



Graf syner felte dyr, kjønn, alder, antall og prosent

Evaluering av plan 2016-2018 Offerdalen driftsplanområde

OFFERDALEN								
	Tildelt	Hann >2	Ho >2	Han 1 1/2	Ho 1 1/2	Han kalv	Ho kalv	Felt
2016	52	9	9	6	10	8	3	45
2017	52	8	10	7	8	4	5	42
2018	52	13	8	8	8	8	3	48
Har skutt		30	27	21	26	20	11	135
Skulle			27	27	20	20	20	
Differanse plan og felt			3	0	1	6	0	-9

- Avskyningen syner at ein er meir eller mindre på mål når det gjeld uttak iht plan
- Det er nedgang i sett hjort pr jegertime dei siste to åra.
- Dei to siste åra har vi og sett ein nedgang i kalv pr kolle og er komen under mål for planperioden på 0,6 kalv/kolle
- Antall registrerte jegerdagar har auka noko totalt for driftsplanområdet

Status og utfordringer, Offerdalen.

Offerdalen har hatt høg fellingsprosent over fleire år, nokre vald har hatt 100% felling fleire år på rad.




Det er ikkje registrert skade pga hjort. Det er likevel store flokkar på innmark vår og forsommar.

Det er registrert ein auke i tettleik av hjort i området spesielt vår og sein haust før førre planperiode. Det er likevel ikkje slik at det ikkje er handterbart. Sidan 2010 er det i større grad felt yngre dyr, kapitalen har gått att i skogen. Dette er ein medverkande årsak til auka mengde hjort i Offerdalane. Målet er no å stabilisere tettleiken slik at ein kan handtera dei utfordringane hjorten kan vere i området. Tilhøva ligg til rette for eit samarbeid om å nå målsettinga.

**MÅ OPPDATERES AV
OMRÅDE PLANANSVARLEG**

Seimsdalen/Nundalen/Hæreid

driftsplanområde Mål og status 2018



Seimsdalen/ Nundalen / Hæreid

Området strekker seg frå fyret mot Offerdalen og til Nundalen. Det grensar mot Offerdalen og Luster i nordvest.

Lengst vest er det furuskog og bratte steinurar. Seimsdalen er tidlegare landbruks område der deler av dalen har kulturmark der markene vert slått kvart år. Fram på Dalen mot Sjursete og Feninga er det hovudsakeleg lauvskog av or og bjørk. Det er nokre felt med planta gran. Område som strekker seg frå Dalen over Sjursete og Feninga mot Nundalen er gamle stølsområder rike på lyng med tytebær og blåbær.

Nundalen er frodig og består i hovudsak av lauvskog som bjørk, or, alm og lind. Dei nedlagde gardane har framleis slåttemarkar som hjorten beitar på. Det vert slege på nokre av gardane ein gong i året.

Området Hæreid strekker seg frå eit stykkje opp på Årdalsvatnet og ned ut i Årdalsfjorden i grensa med Seimsdalen. Området består i hovudsak av lauvskog med nokre felt planta gran, noko innmark knytta til tettbebyggelsen.

Ein del av hjorten held til innanfor planområdet heile året. Dette syner registreingar av merka dyr ifm "Hordahjortprosjektet. Ein del av hjorten trekker ut i Offerdalen og mot Luster sørside til vinterbeiteområder.

Kunnskapen om hjorten sitt arealbruk, er basert på lokale jegrar sin kunnskap og deira formeining om korleis hjorten brukar området.

Det er ikkje registrert plager med hjort. Det er lite aktiv gårdsdrift i området, ein meiner at ein kan leve med den hjorten som er i dag også om ein hadde hatt meir beitedyr på innmark.

Viltstell


Det er lite aktive viltstelltiltak. Det vert satt ut viltstein på våren for å auka mineraltilskot til hjorten og det vert slege på innmark for å ivareta kulturmark men som òg hjorten nyter godt av

Vald innanfor driftsplanområde.


Det er 1000 da minsteareal i planområde

Vald ID	Valdnavn	AREAL (daa)
1424V0008	Seimsdalen ves	14914
1424V0009	Seimsdalen aus	8885
1424V0011	Kletta	1422
1424V0012	Nundal Vest	3002
1424V0014	Nundal Aust	3484
1424V0040	Hæreid	7398
		39105

Sett hjort



Felt hjort



Evaluering av plan 2016-2018 Seimsdalen/Nundalen/Hæreid

	Tildelt	Hann >2	Ho >2	Han 1 1/2	Ho 1 1/2	Han kalv	Ho kalv	Felt
2016	43	9	5	3	3	4	4	28
2017	43	7	7	3	1	2	10	31
2018	45	6	5	2	6	4	4	27
Har skutt		23	17	8	10	10	18	86
Skulle skutt iht % fordeling av skutt		17	17	13	13	13	13	
Differanse plan og felt		6	0	-5	-3	-3	5	





Status og utfordringer, Seimsdalen/Nundalen/Hæreid.

Det er ikkje registrert skade på innmark eller påkørsel dei siste 5 åra innanfor området. Det er lite plage med hjort i hagar, plantefelt og innmark.

Det er ein bestemt meining at det i området kan tåle ein svak auke av hjort. Hjortejakt vert i hovudsak utført av grunneigar og lokale jegarar.

Fardalen driftsplanområde

Mål og status 2016-18




Fardalen

Fardalen storvald er eit vald samanslått av området frå grensa til Avdalen i aust til Nundalen i vest. Området består av brattlente fjellsider inn mot Utladalen på nord/vestsida av valdet. Det består for det meste av lauvskog som bjørk og or. Innerst i Fardalen er det også i hovudsak bjørk, noko planta granfelt og lerk. Fremst i dalen går bjørkeskogen over i fjellbjørk. Bilveg tvers gjennom dalen har heller ikkje medført problem knytta til påkøyrsel.

Fardalen vart i 2015 eit storvald som går frå godkjent valdareal på totalt 9140 da til 21645 da.

Det er 1200 da minsteareal i planområde

Valdet er inndelt i 6 jaktfelt med følgende jaktfeltansvarlege



Felt 1 Området er frå valdgrensa med Avdalen til Ålmenhagenjuvet.

Jaktfeltansvarleg: Jostein Holsæter

Felt 2 Frå Ålmenhagenjuvet mot Botnanosi ned mot Melheim over Blåberg og til valdgrense mot Nundalen. Jaktfeltansvarleg: Bjørn Øvstetun

Felt 3 Frå felt 2 og til Botnaelvi på austsida og til Øylebekken på vestsida.



Jaktfeltansvarleg: Jostein Holsæter

Felt 4 Frå Botnaelvi til Åseteelvi på austsida og frå Øylebekken til Hyttebekken på vestsida av dalen. Jaktfeltansvarleg:

Felt 5 Frå Øylebekken og fram resten av dalen på vestsida Jaktfeltansvarleg: ÅJFFv/Vidar Moen


Felt 6 Frå Åseteelvi og fram resten av dalen på austsida. Jaktfeltansvarleg: Sverre Willy Johanse

Sett hjort



Evaluering av plan 2016-2018

Fardalen driftsplanområde



- Både Fardalen og Utladalen har hatt høgt uttak av hanndyr og er tente med at uttak på kjønn i planperioden er 60/40 på han/ho.

FARDALEN										
	Tildelt	Hann >2	Ho>2	Han 1 1/2	Ho 1 1/2	Han kalv	Ho kalv	Felt		
2016	18	3	2	2	2	1	1	11		11
2017	18	5	7	1	3	3	5	24		24
2018	18	3	4	5	1	3	1	17		17
Har skutt	54	11	13	8	6	7	7	52		52
Skulle skutt iht % fordeling av skutt		10	10	8	8	8	8	8		8
Differanse plan og felt				0	-2	-1	-1			




Status og utfordringer i Fardalen

Fardalen har en stor andel bukk i dyra som er registrert i området. Dette syner også fellingsresultatet. Siste 5 år syner at om lag 70% av felte dyr er hanndyr. I perioden 1997 til 2014 er det felt 18 kalvar. Av desse var 15 (83%) bukkekalvar. I same periode er det felt 51 vaksne dyr, av desse er 39 (76%) vaksne bukkar.

Det er sist åra registrert ein auke i tal hjort på innmark og i skogen. Det er likevel ikkje registrert plager med hjort. Utfordringen er om ein skal forsette uttak av så høg andel bukk. Fardalen kan vere eit såkalla bukkeområde der bukken samlar seg etter utvandring frå andre områder, slik ein mistenker Årdal og Aurland å vere med tanke på utvandring frå andre kommunar.

Utladadalen driftsplanområde

Mål og status 2016-18



Utladalen


Området strekker seg frå Hjelle og Avdalen på begge sider av Utladalen og inn til grensa med Luster i aust. Sjølve Utladalen er svært bratte fjellsider med fleire dalar som munnar ut i hoveddalen. Vetti med Vettismorki, Morka/Koldedalen, Stølsmaradalen, Gravdalen og Hjelledalen. Om lag heile området ligg innanfor Utladalen Landskapsvernområde.

Vald innanfor driftsplanområde.


Det er 1200 da minsteareal i planområde

Vald ID	Valdnavn	AREAL (daa)
1424V0023	Avdalen	3411
1424V0025	Vetti	19194
1424V0026	Hjelle	7191
		29796


Sett hjort



Felt hjort Utladalen



Evaluering av plan 2016-2018 Utladalen driftsplanområde



- Både Fardalen og Utladalen har hatt høgt uttak av hanndyr og er tente med at uttak på kjønn i planperioden er 60/40 på han/ho.

UTLADALEN								
	Tildelt	Hann >2	Ho >2	Han 1 1/2	Ho 1 1/2	Han kalv	Ho kalv	Felt
2016	25	4	1	0	3	2	2	12
2017	25	7	1	2	2	1	0	13
2018	25	4	2	1	1	1	0	9
Hør skutt	75	15	4	3	6	4	2	34
Skulle skutt iht % fordeling av skutt		7	7	5	5	5	5	
Differanse plan og felt		8	-3	-2	1	-1	-3	

Status og utfordringar, Utladalen.

Fram til 2017 er intrykket at hjortebestanden har vore i vekst. 2018 sesongen derimot opplever vi ein kraftig reduksjon i sett og skutt, også liten nedgang på felte dyr. Området tåler fleire dyr. Fellingstatistikken er i snitt for dei 3 valda låg. Av jegerar og grunneigarar i området er det ei klar oppfatning av at hovuddelen av dyra trekker ut av området. I jaktområda Vettismorki, Hjelledalen og Gravdalen/Slufsedalen blir det opplevd at det er minimalt med hjort etter medio oktober. Me trur at hjorten trekker vestover, både på sørsida og nordsida av Utladalen.

Seint på hausten og vinteren står det att nokre dyr nede i Utladalen (innafor Raustdalen – og inn til Maradalsli). Me ser på desse som å væra meir lokale/stadbotne. Når vi ønskjer svak auke i hjortestammen blir det feil å ta ut for mykje av desse dyra.






Det blir registrert gnageskader på skog. Dette har sannsynlegvis auka noko, men har ingen økonomisk konsekvens for grunneigarane. Det er minimal utnytting av «dyrka mark» i området.

Det vert dreve skjøtsel både på Hjelle, Avdalen og Vetti. I Vetti er det også beitedyr på sommaren. Det er ingen konflikt med hjort og innmarksbeite.

Utladalen ynskjer ein svak auke i tettleik av hjort. Historisk så har ca 80% av felte dyr i perioden 1997 og fram tom 2007 vert produksjonsdyr. Sidan 2008 har andelen produksjonsdyr i snitt vert 50%. I same periode ser ein at fellingsprosenten stig, med unnatak av 2018. Om ein ynskjer å påvirke veksten må felling av andel produksjonsdyr enno lenger ned. Andelen handyr som er felt ligg på 75% i alle alderskategoriar i perioden 1997-2014. Ser vi på 2016-2018 er andelen 65 %.

Eldegarden driftsplanområde

Mål og status 2016-18



Eldegarden


Valdet er satt saman av tidligare småvald som strekker seg frå grensa med Hjelle i aust til grensa mot Vikdadalen i vest. Valdet går forbi tettstadane Øvre Årdal og Årdalstangen som begge er industristadar. Området har i hovudsak lauvskog i austre del og ein del furuskog i vestre del. Det er lite innmark, eit område på Loi ved vegstrekningen mellom Øvre og Årdalstangen, noko knytta til garden Eldegard og noko knytta til Moa og området fram i Utladalen mot Hjelle. Det er ikkje aktivt landbruksområde i valdet.

Topografi er prega av bratte fjellsider med dalar som Moadalen, Rausdalen, Eldegarden/ Løst og Geisdalen.


Valdet har eigen bestandsplan som vil gå ut når det vert laga ein bestandsplan for heile kommunen.

Det er 1000 da minsteareal i planområde

Sett hjort Eldegarden



Felt hjort Eldegarden



Evaluering av plan 2016-2018 Eldegarden driftsplanområde



ELDEGARDE								
	Tildelt	Hann >2	Ho >2	Han 1 1/2	Ho 1 1/2	Han kalv	Ho kalv	Felt
2016	37	5	6	4	5	2	3	25
2017	37	7	8	4	5	6	5	35
2018	37	7	8	3	4	3	1	26
Har skutt		19	22	11	14	11	9	86
Skulle skutt iht % fordeling av skutt		17	17	13	13	13	13	
Differanse plan og felt		2	5	-2	1	-2	-4	

- Avskyningen syner at ein svak auke i prosentandel uttak av eldre dyr i planperioden.
- Det er nedgang i sett hjort pr jegertime siste året.
- Siste året syner ein nedgang i kalv pr kolle.
- Antall registre jegerdagar har auka noko totalt for driftsplanområdet

Eldegarden er eige storvald samanslått av tidligare eigne vald innanfor noverande valdgrenser. Valdet består av følgende jaktfelt.

Moa, Vee, Geisdalen????

Arealbruken til hjorten

Kunnskapen om arealbruken til hjorten er basert på lokale jegrar sin observasjon, viltkamerabruk, kunnskap og formeining om korleis hjorten brukar området i løpet av heile året.

Sommar

Hjorten brukar heile driftsplanområdet. Truleg mest tettleik i Løst/Eldegard, Loi og Geithusli.

Haust og vinter

Ut på seinhausten trekker ein del dyr over og ned i Geisdalen og Loi-området. Ein del vert att i området Løst/Eldegard og Geithusli. Her er det og mest tettleik av dyr i løpet av vinteren/seinhaust. Geithus/Eldegard ser ut til å være områder der det er ein god del brøleaktivitet i løpet av brunsten. Loi/Losnåsi og.

Vår

Me har observasjonar på at dyr trekker inn frå vinterbeite til området ca. byrjing av mai(områder under ca. 400moh) og utover sommaren oppover i terrenget. Det vert brukt viltkamera systematisk. Dyr står høgt(ca. 1000moh) i heile område i løpet av sommar og tidelg haust.

Sett hjort data

Sett hjort skjema er ikkje nytta systematisk tidelgare, men siste åra er det blitt stor forbetring via sett og skutt rapportering. Det er ei oppfatning at hjortebestanden har gått opp dei siste tre-fire åra.

Vårteljing

Det er utført vårteljing einskilde år. Resultata frå desse teljingane er ikkje systematiserte.

Slaktevekt og fellingsdata

Det har ikkje vore rutinar for innsamling og systematisering av vekt på slakt. Dette kjem til å bli prioritert i hove til nye bestandsplan. Men, slaktevekta på alle typer dyr er god, og dyra er i god kondisjon. Dette syner gode fettlager på dyr som blir skotne.

Beitetilhøve og viltstell

- Rydda/tynna ut skog for å betra oppveksten av røslyng, blåbærlyng og tytebærlyng slik at vinterbeite for hjorten ikkje blir redusert.
- Tre felling dersom altfor mykje snø
- Oppretthalda og gjerne utvida stell av nedlagde slåttemarkar. Slå Loi kvart år.
- Så ulike grasplanter som hjorten likar godt, timotei td..osv på område der det høver.
- Utlegging av saltsteinar på fleire plassar i storvaldet





Status og utfordringar, Eldegarden.

Det er i valdet ein oppfatning om at tettleiken av hjort har vort aukande siste åra. Grunneigarane/ jaktberettiga ser føre seg ein stabilisering som mål.

**MÅ OPPDATERES AV
OMRÅDE PLANANSVARLEG**

Vikadalen driftsplanområde

Mål og status 2016-18



Vikadalen

Området er frå grensa med Eldegarden storvald i aust til grensa med Lærdal kommune i vest. Ein stor del av området består av furuskog, noko lauvskog med innslag av plantefelt av gran. Deler av Kvitingsmorki naturreservat ligg innanfor området.


Det er drive aktivt jordbruk på store delar av det ein reknar for innmark, i hovudsak sau og bærproduksjon. Hjorten påfører områda beiteskader og redusert beite til eige bufe, spesielt på våren. Det er og skader på frukt og bærproduksjonar. I dei seinare åra har dette auka på.

Vald innanfor driftsplanområde.


Det er 800 da minsteareal i planområde

Vald ID	Valdnavn	AREAL (daa)
1424V0019	Mjølkeflaten	1144
1424V0020	Natvik	20915
1424V0032	Hovland	8270
		30329


Sett hjort Vikadalen



Felt hjort Vikadalen



Evaluering av plan 2016-2018 Vikadalen driftsplanområde



- Vikadalen gjer tiltak med høgare uttak av hodyr. Fordeling 40/60 på han/ho av voksne dyr og 50/50 på kalv og ungdyr.

VIKADALEN								
	Tildelt	Hann >2	Ho >2	Han 1 1/2	Ho 1 1/2	Han kalv	Ho kalv	Felt
2016	37	7	7	3	5	5	4	31
2017	37	5	9	3	7	5	3	32
2018	37	4	8	1	4	3	4	24
Hår skutt	111	16	24	7	16	13	11	87
Skulle skutt iht % fordeling av skutt		17	26	13	13	9	9	
Differanse plan og felt		-1	-2	-6	3	4	2	

utfordringer ??

**MÅ OPPDATERES AV
OMRÅDE PLANANSVARLEG**